

"Ser ut som eit utmarksbeite"

10.08.2007



"Ser ut som eit utmarksbeite"

Det er visst ikkje berre slått som manglar etter sommaren på sentrale stader i Uskedalen. uskedalen.no har fått ei klage som knytter seg til grusbana.

Kl agaren, som er ein sentrumsboar, formulerer seg slik:

"Eg vil også stilla spørsmål om den fine grusbanan. Den ser no ut som eit utmarksbeite. Samstundes er det behov for slåttekar langs sidene av banen der høymåle og anna ugras er til stor plage, for spredningen er enorm i nærområdet".

Men det er også eit glede-tema og som knytter seg til den same bana:

Kystbjønnekjeksene som voks og trivdes på nordsida av grusbana er borte. Kampen mot den har vore effektiv, ser det ut til.